

Bergen, 17.6.1983  
OM/TBR

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 72/83.

FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKE ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY PÅ  
70 FOT L.L. ELLER MEIR SØR FOR 62° N OG I SKAGERRAK.

I medhold av §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene og  
§ 6 og § 10 i lov av 16. juni 1977 om regulering av deltagelsen i fisket  
er følgjande forskrifter fastsett i kgl.res. av 10. juni 1983:

## § 1

Det er forbode for ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir å fiske  
makrell i Noregs økonomiske sone sør for 62° N og i Skagerrak.

## § 2

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske  
inntil 7.300 tonn makrell til menneskemat frå 15. august 1983.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote på grunnlag av talet deltakande farty.

Ingen kan levere meir enn 100 tonn pr. tur. Farty kan likevel innanfor  
fartykvoten levere inntil 150 tonn på siste turen.

Fiskeridirektøren kan gjere unntak frå reglane i tredje ledd for farty  
med fryseanlegg og fastsetje særskild turkvote for slike farty.

## § 3

Farty nemnd i § 2 som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til  
Fiskeridirektøren. Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommarloddefisket i  
Barentshavet i 1983.

## § 4

Det er forbode for farty som er tildelt kvote etter § 2 å fiske makrell  
innanfor 40 n.m. av grunnlinene sør for 59° N.

## § 5

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir men under konsesjons-  
plikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst  
fiska i område nemnd i § 1 i 1981 og/eller 1982, kan utan hinder av for-  
bodet i § 1 fiske samla inntil 1.400 tonn makrell til menneskemat.

Ingen farty kan levere meir enn 75 tonn pr. tur.

## § 6

Når kvotane nemnd i § 2 eller § 5 er pårekna oppfiska kan Fiskeridirektøren stogge fisket for vedkomande fartygruppe.

## § 7

Sild- og brislingfangstar kan ha inntil 20 % makrell i vekt ved kvar landing.

Hestmakrellfangstar kan ha inntil 10 % makrell i vekt ved kvar landing.

Makrellfangstar kan ha inntil 5 % sild i vekt ved kvar landing.

Fiskeridirektøren kan fastsetje reglar om prøvetaking og kontroll av fangstar nemnd i denne paragrafen.

## § 8

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 69 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene eller § 11 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket.

## § 9

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.

-----